



## Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Kristian Bauge / 55516337

Vår referanse:  
16/28476-299

Dykkar referanse:

Vår dato:  
28.05.2019

### Informasjon om justering av bompengeretakstane i Vossapakko

Statens vegvesen, Region vest viser til tidlegare sendt sak til kommunane med dok.nr: 16/28476-71 om omlegging av takst- og rabattsystemet for Vossapakko, samt til brev frå Voss kommune til Samferdsleavdelinga i Hordaland fylkeskommune dagsett 15.01.2019, der det vert bede om at det vert gjennomført ein snarleg evaluering av dei nye bompengeretakstane på Hardangerbrua og i Vossapakken.

Etter omlegging til nye takstar frå 1. desember 2018 har gjennomsnittleg inntekt låge under målet for køyretøya i takstgruppe 1, og over målet for køyretøya i takstgruppe 2. Statens vegvesen, Region vest har difor sendt sak til Granvin, Vaksdal, Vik og Voss kommunar med forslag om justerte takstar i prosjektet. Forslaget til nye takstar er som følgjer:

Takstgruppe 1: kr 45

Takstgruppe 2: kr 95

Dei føreslegne takstane er venta å gje gjennomsnittleg inntekt per passering på kr 31 i takstgruppe 1 og kr 52 i takstgruppe 2. Passeringstak på 25 passeringar kvar månad vert vidareført.

Per 28.05.2019 har kommunane Granvin, Vik og Voss slutta seg til justeringa. Vaksdal kommune har meldt til Statens vegvesen at kommunen skal handsame saka i kommunestyremøte 17. juni 2019.

Det er lagt opp til at det vert innført bompengavgift for nullutsleppskøyretøy i prosjektet samstundes med justeringa av takstane. Nullutsleppskøyretøy med gyldig avtale og elektronisk brikke skal betale kr 18.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Med atterhald om positivt vedtak i Vaksdal kommune 17. juni, vil Statens vegvesen fatte nytt takstvedtak for Vossapakken, og legg opp til å kunngjere nytt takstvedtak innan utløpet av juni månad, slik at ein kan endre takstar for prosjektet frå 1. august 2019.

Med helsing

Tone Margrethe Oppedal  
Avdelingsdirektør

Kristian Bauge

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*